

## **Innspel til stortingsmelding om langsiktig verdiskaping frå norske energiressursar**

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er ein regional kraftprodusent av fornybar energi. SKL har eigarskap til om lag 2,7 TWh med vasskraft og er om lag Norges tiande største vasskraftprodusent. Vi har dobla vasskraftproduksjonen sidan år 2000, og har for tida 100 GWh under bygging.

Norge har unike moglegheiter til å spela ei avgjerande rolle i det grøne skiftet. Vi trur på eit Norge som eit heilelektrisk samfunn.

Vidare utvikling av fornybare kraftressursar i Norge og industriutvikling heng saman. Meir energi produsert i Norge, vil medføra auka industriutvikling innan teknologi og tenester knytt til dette. Utviklinga av ny teknologi, konvertering til elektrisk forbruk og utvikling av fornybar energi har ulikt tempo og framdrift. For at Norge skal få ein posisjon, må ein allereie i dag legga til rette for at nyutvikla fornybar energi er lønsam i Norge.

Norge har komparative fortrinn innan mellom anna vasskraft, vind på land, og kanskje òg flytande havvind. Norge treng derfor føreseielege rammevilkår som gjer vidare utvikling lønsam.

Vi treng òg ein fungerande straummarknad utan store avgrensingar. Tilstrekkeleg utveksling av kraft mellom Norge og kraftmarknaden i resten av Europa er ein føresetnad for lønsam vekst. Manglande tilgang til marknaden vil medføra langt lågare investeringar enn det vi treng i framtida. Skjer det, gjev Norge frå seg posisjonen og andre land vil auka sin del av energiproduksjonen meir enn oss. Dette er vi som nasjon ikkje tent med på lang sikt.

Auka trykk på elektrifisering nasjonalt gjev Norge unikt høve til å utvikle totale klimaløysingar som vi kan eksportere internasjonalt. Vi viser til fornybarnæringens analyse knytt til grøne verdikjeder. Nærare bestemt; havvind, batteri, hydrogen, maritim sektor, kraftsystem og ladeinfrastruktur.

Norge har alle føresetnader til å utvikla berekraftig verdiskaping på energiressursar. Med ein raud tråd i den framtidige politikken, kan Norge oppretthalda posisjonen som ein sterk energinasjon, også i framtida.